



Kristoffer T. Hauge har her klypt av den raude snora med ei saks som har lege på puta til Ine Victoria Naasen (til venstre). Malena Hjelmeland står bak og Martin H. Andresen til høgre.

Med å klyppa over ei raud snor opna Kristoffer T. Hauge den nye Dønhaug Gardsbarnehage måndag ettermiddag – etter at styrar Helene Huse Bjørnebøle hadde ønskt velkommen.

Det innleia ein kjekk opningsfest dit barnahagebarna, søsken, foreldre og besteforeldre var invitert. Det var ein svært vellukka kveld og leiinga tek den gode oppslutnaden som ein tillitserklæring og ein klapp på skuldra. Så har da også den nye barnehagen hatt ein god start, seier mange i bygda til uskedalen.no



Tre generasjonar koste seg under barnehageopninga.

Det var enkel servering med kaker, bollar, saft og kaffi. Også kommunen var invitert. Dei kunne ikkje stilla, men vil komma ved eit seinare høve.

Barnehageleiinga er ellers fulle av takksemd over den flommen av gåver som har kome i samband med barnehagestarten.



Barnehagen var fylt til trengsel under opninga.